

Bybanekunst



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE





Bybanekunst

Mangfald og heilskap

Bybanen sitt kunstprogram er finansiert gjennom Bergensprogrammet, som er eit samarbeid mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Private aktørar har også gjeve stønad, mellom anna DNB og BKK. Arbeidet med kunstplanen tok til i august 2008. Det er Hordaland fylkeskommune som har ansvaret for kunstprogrammet. Det er nedsett ein kunstkomité med brei representasjon, og det er engasjert to kunstkonsulenter.

Visjon for kunstprogrammet

- Kunsten skal vere av internasjonalt format
- Kunsten skal ha ein tydeleg og definert plass i byrommet
- Kunsten skal spegle mangfaldet Bybanen sine brukarar representerar

Mangfald og heilskap

Kunstplanen skal spegle Bybanen sin idé om satsing på berekraftig utvikling til beste for alle, men også rom for individuelle kunstnarlege ytringar og tidsrelevante uttrykk. For å ivareta dei ulike tilnærmingane, vel kunstutvalet å definera tre strategiar som samla sett skal utgjera kunstprogrammet.

Kategori A:

A-prosjekta skal reflektera Bybanen sine overordna verdier og visjon; ei berekraftig utvikling. Kunstverka skal reflektere den meiningsutveksling som pågår både globalt og lokalt om dette viktige tema. Eit A-prosjekt er eit monumentalt og permanent verk, som er påkosta for å kunne vera ei synleg ytring i eit krevjande by- eller landskapsrom.

Kategori B:

B-prosjekta skal spegle omsynet til den individuelle fridomen og brytingane i det offentlege rommet. Det kan vera prosjekt som utfordrar og omdefinera - men også prosjekt som speglar det gode møtet. Kunstprogrammet kan bidra til "Den gode møteplassen", gjennom å syne at innanfor det kollektive er det også plass til individ og individuelle ytringar. B-prosjekta vil ha variasjon i tilnærming og uttrykksform, og geografisk sprenging langs traseen. Dei kan vera både permanente og temporære.

Kategori C:

C-prosjekta skal ivareta dynamikken i kunsten langs Bybanen, ved å sjå på traseen som ein skiftande visningsstad for samtidskunst. Det kan vera tale om prosjekt som er initierte av andre, men som kan sjåast i samanheng med Bybanen sitt kunstprogram på grunn av sin aktualitet, tematikk eller geografiske nærleik.







Thorsten Goldberg

60°N 05°E (encased waterside)

Med dette verket vann Goldberg ein internasjonal konkurranser med målet var å lage eit kunstverk som reflekterer dei overordna føringar som ligg bak bygginga av Bybanen; ønsket om ei berekraftig utvikling.

Stad: Florida






Marius Watz

Prime

Watz har sett saman LED-stavar til enkle geometriske figurar. Verket er ein tolking av og leik med dei signal og trafikklys som finst i det offentlege rommet.

Utgangspunktet er Andreaskrossen, trafikkskiltet som signaliserer plankryss mellom veg og jernbane.

Stad: Fageråstunnelen



Maria Sundby

Adebaran

Adebaran er namnet på ei stjerne. Namnet skal tyde "følgjesven", noko som er godt å ha med seg på reisa, også med Bybanen. Dette verket er eit såkalla C-prosjekt, som ikkje er initiert av bybanen sin kunstkomité, men som likevel vert opplevd som del av kunstprogrammet. Verket vert eigd av SiB.

Stad: Fantoft



Byparken
Nonneseter
Bystasjonen
Nygård
Florida
Danmarks plass
Kronstad
Brann stadion
Wergeland
Sletten
Slettebakken
Fantoft
Paradis
Hop
Nesttun terminal
Nesttun sentrum
Skjoldskiftet
Mårdalen
Skjold
Lagunen





Foto: Jimmy Schminke

HC Gilje

Puls

Verket er ei 150 meter lang LED-lysline som bukter seg langs tunnelveggen på begge sider; rød på den eine sidea og blå på den andre. Buktene er laga slik at når Bybanen kørar forbi, opplevast installasjonen som ein animasjon av ei bølgjeform.

Stad: Paradistunnelen



Rachel Dagnall & Anita Hillestad

The White Rabbit

Er du heldig får du eit glimt av den kvite kaninen i det Bybanen passerer Nesttunvatnet. Verket gir assosiasjonar til barn sin fantsiverd, til dømes Alice i Eventyrland. Satt inn i ein vaksen verd, som her, blir kaninen som ein slags trojansk hest med mange tolkingar. The White Rabbit er både avvæpnande humoristisk og utfordrande på same tid. Skulpturen er laga av lakkert glasfiber.

Stad: Nesttunvatnet






Torunn Skjelland

1 000 483

Den måla frisa ved Mårdalen har tre hovudmotiv; eit kart over Bergen med Bybanen sin trasé (målestokk 1:1000483), ein raud tråd som forlenger traseen, samt nostalgiske reiselivsplakatar frå 1940 – 50 talet. Visuelle ikon og stereotype framstillingar av Bergen og Noreg blir sett saman på ein måte som opnar for mange lag av tolkingar.

Stad: Mårdalen





Gisle Frøysland

Kjankaren

Å «kjanke» er eit gammalt bergensuttrykk; barn som heng seg etter bussen midtvinters og lar seg dra på glatte sko. Frøysland har laga ein elektronisk kjankar. På begge sider av tunnelveggen er store panel med LED-lys. Når Bybanen passerer startar elektroniske sensorar ein flokk med lysande «kjankarar» som følger vognen innover i tunnelen.

Stad: Skjoldtunnelen





Hanna Oline, 5 år.



Kamilla, 5 år.



Petter, 5 år.



Nikolas, 6 år.



Soraia, 5 år.



Martine, 5 år.

Barn frå forskjellige skuler og barnehagar


Barnekunst

Hausten 2013 vart skuler og barnehagar i bergensområdet inviterte til å sende inn teikningar av sin visjon om framtidens byen. Resultatet var overveldande; tusenvis av flotte teikningar vart sende inn. Teikningane vart sett saman til takdekorasjoner som no smykkar innsida av bybanevognene.

Stad: I taket i 9 vognsett.



- Byparken
- Nonneseter
- Bystasjonen
- Nygård
- Florida
- Danmarks plass
- Kronstad
- Brann stadion
- Wergeland
- Sletten
- Slettebakken
- Fantoft
- Paradis
- Hop
- Nesttun terminal
- Nesttun sentrum
- Skjoldskiftet
- Mårdalen
- Skjold
- Lagunen



"Her er et fly som går superraskt fort! Og den blå bilen der kan fly. Det gule flyet kan også kjøre på havet. De konkurrerer om å komme først i mål!"

Ida Maria, 5 år.
Prismen Kanvas barnehage, Nesttun

Vegen vidare

Planlegginga av kunstprosjekt langs traseen frå Lagunen til Flesland er godt i gong, og fleire verk vil stå ferdige til opninga.

Bybanekunsten er Bergen sitt utandørs kunstmuseum og galleri - med over 30 000 publikummarar daglig. Kunst kan bygga identitet- og relasjonar. Gjennom satsing på kvalitet, innovasjon og kunstnarar av internasjonalt format vil vi gje publikum ei oppleving på reisa.

Bybanekunsten har eit stort potensiale for formidling retta mot; skuleklasser, verksemder, turister og bergensarar generelt. Bybanekunsten, med sin store variasjon i tilnærming og uttrykk, er mangfaldig og variert - som menneska som ferdast i byrommet.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

bybanen



BERGEN KOMMUNE



Statens vegvesen

Byparken	○
Nonneseter	○
Bystasjonen	○
Nygård	○
Florida	○
Danmarks plass	○
Kronstad	○
Brann stadion	○
Wergeland	○
Sletten	○
Slettebakken	○
Fantoft	○
Paradis	○
Hop	○
Nesttun terminal	○
Nesttun sentrum	○
Skjoldskifftet	○
Mårdalen	○
Skjold	○
Lagunen	○
Råstølen	○
Sandslivegen	○
Sandslimarka	○
Kokstad	○
Birkelandskifftet	○
Kokstadflaten	○
Flesland	○